

Retningslinjer for bruk av bokmål og nynorsk i X kommune

1 Introduksjon

Bokmål og nynorsk er jamstilte målformer i kommunen, og jamstillinga skal gjennomførast på alle område i kommunen. Dette omfattar saksbehandling, rettleiingar og skjema på alle tenesteområde, som rådmannskontor, helse- og sosialtenester, tekniske tenester, oppvekst, kultur. Dersom tilsette ikkje har god nok kompetanse i ei målform, har dei rett på å få opplæring. eller tilgang på malar som inneheld dei korrekte fagtermane i målforma.

2 Særskilde omsyn

På nokre område er det særleg viktig å syta for at nynorsk får nok rom:

- Generelt ved intern flytting av offentlege arbeidsplassar i kommunen
- I skular og barnehagar. Der skulane og barnehagane ligg i nynorskområde, skal det gjevast ekstra plass til denne målforma. Dersom det kjem framlegg om å flytte skular, skal det vere ei sjølvstendig vurdering av følgjene for nynorsken.
- I biblioteka, der det ofte syner seg at nynorsklitteraturen blir prioritert ned i mange kommunar. I diskusjonar om nedlegging/flytting av bibliotektilbod, skal det takast særleg omsyn til om tilbod i nynorskområde blir skadelidande.
- I norskundervisning for vaksne innvandrarak. Kommunen skal ha undervisningstilbod med nynorsk, og dette tilbodet *skal* brukast når det gjeld opplæring i sterke nynorskområde.

3 Generelle retningslinjer

Kommunen skal i hovudsak nytte ord og former frå godkjende ordlister. Det er òg eit mål at vi stavar og bøyer orda rett.

Ordleggingsmåten er kanskje den viktigaste reiskapen for å få eit flytande, lett og godt språk. Det kan vere lurt å førestille seg ein konkret person som mottakar av teksten din. Då kan det vere lettare å tilpasse teksten på ein god måte. For begge målformer gjeld det at:

– Vi skriv aktiv, heller enn passiv:

*Ordføraren tok saka opp til avrøysting, ikkje
Saka vart teken opp til avrøysting av ordføraren.*

– Vi brukar helst personlege pronomen, også når vi omtalar kommunen eller kommunetilsette:

*Vi viser til søknaden din/dykkar, ikkje
Ein viser til Dykkar søknad, eller på bokmål
Det henvises til Deres søknad.*

– Vi brukar heller verb enn substantiv der det er naturleg:

*Det er viktig at kommunen er med på å utforme søknaden, ikkje
Kommunens medverknad er viktig ved utforminga av søknaden.*

– Vi unngår typiske moteuttrykk og skoddespråk:

*Ordføraren sa til pressa, ikkje ...uttalte i forhold til pressa. Nokre døme på slike uttrykk er:
arena, agenda, fokusere, i forhold til, vere i forkant, konsept, lokalisere, -messig, policy, proaktiv, relativt, relatere.*

– Vi unngår feil med særskriving: Det er forskjell på *sær skriving* og *særskriving*, *koke bøker* og *kokebøker*, *bar assistent* og *barassistent*, *røyk fritt* og *røykfritt*, *lamme lår* og *lammelår*.

4 Retningslinjer for bokmålsbrukere

Vi skal bruke et bokmål slik det er brukt i lokale medier. Det vil si at vi velger de mest vanlige formene i bokmål, som samtidig samsvarer en del med det lokale talemålet. Noen retningslinjer:

-a eller -en i hunkjønnssubstantiv: I vår kommune¹ er det naturlig å bruke former som samsvarer med dialekten. Vi bør derfor velge hunkjønn når det er naturlig ut fra dialekten, f. eks.: *ei hytte, hytta; ei ku, kua; ei kjerring, kjerringa; ei elva, elva; ei bru, brua; ei bok, boka*

-a eller -ene i intetkjønn: -ene er det vanlige, men vi bruker -a i en del ord som er knytta til natur og folkeliv: *barna, dyra, ekorna*

vokal eller diftong: ingen spesielle retningslinjer, en del ord bør naturlig få -ei: *rein, stein, bein o.l.*

-a eller -et : -et er det vanlige, vi kan bruke -a i bøyninger der det føles naturlig for skriveren: *dytta, diska, fronta, somla o.l.*

¹ Her kan det tenkes at man skriver inn andre råd dersom man f. eks. er i Bergens-området, som har bare –en og –ene.

Nedenfor finner du en liste over ord som ofte blir skrevet feil i bokmål. Mange av dem gjelder nynorsk også:

Abonnement, adresse, aids, ansiennitet, artikler, attpåtil (i ett ord), avleggs
begynte, begå selvmord (ikke ta selvmord), bevilling (for løyve), billett, blant, bryllup
celeber eller seleber, Cuba (men cubaner/kubaner
designen eller designet, dessverre
e-post (bindestrek), ekskludere, enhver, ethvert, entreprenør
fellesskap, Finland, flyktning, forholdsregel, formatere, for øvrig, fylte
gir (ikke gear), gjerne
hovedsakelig, hvis (eller viss), høyt(t)aler, høytravende, håndverker
iallfall eller i alle fall, i det, i fjor/dag/natt/morgen, initiativ, innforstått, interessant, internett
ja vel, ja visst
kassett, kirurgi, klokkertro, komité, konkurranse, kontingent, konstatere, kreditere, kulminere
legitimasjon, lokalitet (ikke lokasjon), lønsslipp
medisin, medlemskap, meteorolog, Midt-Norge, misbruk, misforstå, mislike, målsetting
nedenstående, nettilgang, nitid (ikke nitidig), noen sinne, Nord-Amerika, nysgjerrig
operasjon, opptil, original, ovenfor (høyere enn), overfor (vis-à-vis), overhode, overraske
parallel, parentes, passivisere, permittere, plutselig, portefølje, positiv, potensial, privilegert,
prinsipiell, men prinsipp, projektor, psykiater, på vegne av
reparasjon, repertoar, restaurant, rettsak, risikoer (flertall), rokere, rumpe
sensitiv, sinnssyk, sjanse, sjelden, skriftlig, slåsskamp, spedbarn, spesielt, statistikk, stillas, så å si
takknemlig, tekniker, terapeut, terrasse, trafikk, men trafikant, trilogi, tunnel eller tunell
uanselig, ungdomsskole, unngå, unnselig, ut ifra, ut og gå
vakuum, valuta, vel å merke, vennligst, viktigste, virtuell, vær så god
ærgjerrig, ærverdig
ødelagt, ømtålig, ørret(er), Østen, Øystre Slidre
årsaken er (ikke skyldes)

5 Retningslinjer for nynorskbrukarar

Der det finst valfrie former, bør vi velje den forma som ligg nærast talemålet. I kommunen vår rår vi til å bruke desse formene² i nynorsk:

me/vi, de–dykk/dokker–dokker
a-infinitiv eller e-infinitiv
bølgje/bølge, søkje/søke, tilhengjar/tilhengar, tilsetje/tilsette
difor/derfor, dinest/dernest
då/da, klår/klar
fyrst/først, bylgje/bølge
føremål/formål, føreord/forord
gjev/gir, tek/tar, lèt/lar
kome/komme, løn/lønn, ven/venn
skule/skole, sundag/søndag

² Her har vi sett inn ein del alternativ som kommunen sjølv må velje mellom, ut frå lokalt talemål eller av andre grunnar. Lista kan gjerast mykje lenger.

Det kan vere vanskeleg å velje rett ord på nynorsk. Vi bør til dømes bruke:

anbod, ikkje *anbud*

avgjerd, ikkje *avgjersle* eller *beslutning*

(av)røysting, ikkje *avstemming*

førerett, ikkje *fortrinnsrett*

førebuing, ikkje *forberedelse*

føresegn for bokmål *bestemmelse i en lov*. Men *forskrift* om bokmål *forskrift*

føresetnad, ikkje *forutsetning*

løyve, ikkje *bevilling*

løyving, ikkje *bevilgning*

skattlegging, ikkje *beskatning*

stillingsomtale, ikkje *-beskrivelse*

teieplikt, ikkje *tausheitsplikt*

tilråding heller enn *innstilling*

utgreie/greie ut, ikkje *utrede*

6 Nyttige hjelpemiddel

– For å skriva enkelt og klårt språk i kommunen, tilrår vi nettsidene og bøkene til Språkrådet. Sjå særleg Klarspråk-sidene, <http://www.sprakradet.no/Klarsprak/>.

– For nynorsk: Fretland (2015): *På saklista : Språk og saksbehandling på papir og nett*. Fagbokforlaget 2016

– For rettskriving og teiknsetjing, sjå www.korrekturavdelingen.no og Søyland og Fretland (2015): *Norske skriveregler/Norske skrivereglar*. Samlaget 2015.